

BOKN BYGDABLAD

NR. 3 - APRIL 1997 - ÅRG. 12

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

POSTKONTORET MÅ STENGA NESTE ÅR

Både arbeidsplassar og ein viktig basisfunksjon i eit bygda- og kommunesenter vil falla bort når postkontoret stenger 1. september 1998. Arbeidsplassar er mangelvare i ein kommune som Bokn, og Boknatun vil framstå med færre tenestetilbod enn i dag. Ein postfilial vil ikkje ha like mange tenester som eit postkontor. Opningstida vil bli lengre dersom postfilialen blir lagt til ein butikk. Bygdabladet omtala i juni i fjor at den landsomfattande omlegginga av posttenestene også ville føra til at postkontoret på Bokn ville bli nedlagt. Det låg i omstruktureringsplanen at Bokn ville få ein såkalla Postfilial frå september 1998.

Ei pressemelding i fjor haust sa at det nå var bestemt at alle kommunane skulle ha eige postkontor. Ut frå det som då vart skrive og sagt, trudde nok dei fleste at postkontor på Bokn i nåverande form var berga.

Pressetalsmann Eldar Søvik ved Haugesund postkontor seier til bygdabladet at pressemeldinga om opretthalding av postkontor i kvar kommune vart feiltolka.

Som nemnt i bygdabladet i fjor sommar, vil postkontoret i Bokn bli nedlagt frå september 1998. Bokn vil som tidlegare meldt få ein kontraktfilial som sannsynlegvis vil bli plassert ved ein av butikkane. Postplanen for Bokn er også godkjent sentralt, så her er det visstnok ingen veg tilbake. Posten arbeider nå rundt omkring i landet med å laga kontraktar med samarbeidspartnarar som skal driva postfilialane. I og med at det ennå er ei tid att før postkontoret i Bokn skal leggjast ned, er ein ikkje kome i gong med kontraktsforhandlingar her. Posten har på landsbasis sentrale avtalar med både NKL og

Norgeskjeden, slik at ingen av butikkane i Bokn i utgangspunktet er utelukka frå å kunna få postfilialen. Det har vore eit møte i distriktet for interesserte samarbeidspartnarar. Andre små kommunar er også utsette for å rasjonalisering og innsparingar i postverket. På Utsira er det ennå ikkje avgjort om postkontoret kan halda fram, og kommunen har anka forslaget om å leggja ned postkontoret. Dei vil ha eit servicekontor med fleire offentlege tenester i kommunen, kor posten er ein av desse. Eldar Søvik fortel at i Nedstrand er det kome ein kontraktfilial i butikk hos Martin Askvig i Hinderåvåg.

EUROPIPE II

TILBAKEFØRING AV LANDSKAP OG NATURMILJØ

Før året er omme kan boknarane innstilla seg på meir og meir aktivitet i kommunen som fylgje av Europipe II - anlegget. I september i år vil m.a. 'ilrettelegginga av anlegget i Knarholmen starta. Her skal det setjast opp brakker for arbeidsfolk og kontor, lagringsplass for utstyr, kai for mottak av utstyr m. v. Denne staden blir basis for drifta av anlegget i Bokn. Til hausten skal også visse punkt i vegsystemet på Bokn utbetrast slik at transport av

utstyr kan foregå greit. Også ved landfall rundt Regavika skal det gjerast førebuaende arbeid frå hausten av. Det same gjeld der røyret går ut i sjøen frå Austre Bokn mot Kårstø. Desse arbeida er ei førebuing for hovudarbeidet som startar rundt årsskiftet 97/98.

Knut Robberstad i Rogaland Consultants a.s. har skrive ein artikkel om Europipe II og tilbakeføring av landskap og naturmiljø:

Statoil sin miljøpolitikk er så syta for at øyane Vestre og Austre Bokn så langt det er praktisk mogeleg, er i like god miljømessig stand etter avslutta røyrleggingsarbeid som for arbeidet starta. Denne miljøpolitikken er også nedfelt i reguleringsbestemmelsane til reguleringsplanen for røyrledningstraseen, der det vert lagt stor vekt på tilbakeføring av areal til den utsjånad og dei bruksegenskapar dei forskjellige areala hadde før anlegget starta.

Dei praktiske konsekvensane av denne politikken vil vera:

- Omfanget av inngrepet og skadane på landskap og vegetasjon under anleggstida må gjerast minst mogeleg.
- Hovedlinene og hovedelementa i det opprinnelige landskapet skal tilbakeførast. Ved tilbakeføringa skal ein så langt det er mogeleg prøva å få tilbake tilnærma same landskapskarakter som før bygginga av røyrledningen.
- Vegetasjonen som var i arbeidskorridoren før inngrepet skal reetablerast, og skal vera mest mogeleg lik eksisterande vegetasjon utanfor arbeidskorridoren.

Føremålet med denne miljøpolitikken er at røyrledningstraseen i minst mogeleg grad skal skilja seg ut i det landskapet traseen går gjennom. Traseen skal ikkje framstå som ei brei og einsformig "gate" som skil seg sterkt ut frå landskapet elles. Hovedtrekka i landskapet vert bestemt av topografi, fordeling av fastmark og vatn og vegetasjon (type, mengde, form og farge).

Strategiane for tilbakeføringa av landskap og naturmiljø er at terrengformasjonar og karakteristiske landskapselement skal tilbakeførast på ein slik måte at den opprinnelege landskapskarakteren så langt det er mogeleg ikkje vert vesentleg endra. Lynghei, myr og våtmarker skal revegeterast i samsvar med økologiske prinsipp, og tilhøva skal leggast tilrette for naturleg innvandring av planter som veks naturleg i områda. Desse områda skal i utgangs-

EUROPIPE II - TILBAKEFØRING AV LANDSKAP OG NATURMILJØ

punktet ikkje såast til med frø frå ikkje-lokale planter eller gjødslast opp slik at vekstvilkåra for plantene i området vert endra. Dyrka mark og gjødsla beite skal revegeterast ved såing med grasfrø og gjødslast normalt etter norm for attlegg av eng og beite.

Omlag halvdelen av områda traseen går over er jordbruksmark (dyrka mark og gjødsla beite), medan lynghei utgjør omlag tredjeparten. Myrar utgjør omlag 7 %, medan resten er dels planta granskog og bart fjell. Generelt gjeld det at toppjorda ikkje skal blandast med jord frå djupare lag i traseen. Dette gjeld både under fjerning av jorda, utgraving av leidningsgrøfta og når jorda vert lagt attende. Dette gjer at tilhøva vert lagt til rette for at vegetasjonen så snart som mogeleg skal få attende dei normale vekstvilkåra.

Dei områda med dyrka mark og gjødsla beite som traseen går gjennom, skal handterast på vanleg måte som anna attlegg, med gjødsling og såing med eng- og beitefrøblandingar etter norm. Målet er at innan 2 vekstsesongar etter avslutta anleggsarbeid skal vegetasjonen i desse områda vera omlag den same som elles i enga eller beitet rundt. Alle grøfter som vert kutta skal reparerast, og alle steingjerde skal løst opp att med den originale steinen. Andre gjerde vert også sett opp att.

Eindell område med gjødsla beite er landskapsmessig prega av mykje bart fjell i dagen eller at større blokker og steinar ligg tilfeldig spreidd. I desse områda er det i utgangspunktet meininga at dagens landskapspreg skal tilbakeførast ved at eindell større blokker vert lagt attende i røyrledningstraseen.

Fleire myrområde vert kryssa av røyrledningstraseen. Meininga er at det skal gjennomførast tettingstiltak i grøfta slik at desse myrane ikkje vert drenert og tørrlagt. Øvste torvlaget med eindell intakt vegetasjon og frøreservar skal fjernast, takast vare på og seinare leggjast attende som topplag. Den tilbaketatte torva med noko tuer og bevarte frøreservar vil bidra til at myrvegetasjonen vil verta reetablert etter måten kort tid etter anlegget.

Områda med lynghei skal i utgangspunktet førast attende til lynghei etter avslutta anleggsarbeid. Øvste jordlaget i lyngheia inneheld store mengder med spiredyktige frø. Når ein legg tilhøva til rette for det, vil desse frøa spira og etablere lyngvegetasjon att etter nokre få år. Dette inneber m.a. å ikkje så til områda med grasfrø, ikkje gjødsla opp areala og å halda beitedyr borte frå områda som skal tilbakeførast til lynghei dei første åra

EUROPIPE II - TILBAKEFØRING AV LANDSKAP OG NATURMILJØ

Samandrag av rapport til Direktoratet for brann og eksplosjonsvern:

Statoil's miljøpolitikk for traseen for Europipe II gassrørledning over Bokn kommune er å etterlate øyene Vestre og Austre Bokn så langt det er praktisk mulig i en like god miljømessig tilstand etter rørløsningsarbeidet som før anlegget startet. Denne politikken er nedfelt i reguleringsplanen for rørledningstraseen.

Ved tilbakeføringen av traseen skal en så langt det er praktisk mulig prøve å oppnå tilnærmet samme landskapskarakter som før rørløsningen. Karakteristiske landskapselement skal tilbakeføres, som f. eks. større blokker. Tilbakeføringen omfatter også vegetasjonen i traseen, denne skal avvike minst mulig fra eksisterende vegetasjon utenfor denne.

Strategien for revegetering av jordbruksområdene (dyrka mark og gjødsla beite) er å legge igjen arealene tilsvarende vanlig måte i ordinær landbruksdrift, med gjødsling og tilsåing med henholdsvis engfrøblanding og beitefrøblanding etter norm. For naturområdene (lynghei og våtmark/myr) er strategien å legge forholdene best mulig tilrette for naturlig vegetasjons-etablering. Toppjorda i disse områdene inneholder en stor og spiredyktig frøbank fra den naturlige vegetasjonen i områdene. Toppjorda og froreservene skal sikres, og legges tilbake uten innblanding av undergrunnsjord. Mellomlagret tuer med intakt vegetasjon skal legges ut i spesielle områder. Næringsforholdene er sentrale for naturlig vegetasjons-etablering, og områdene skal i utgangspunktet ikke gjødsles eller tilsås med frø fra planter som ikke forekommer naturlig. For å lette revegeteringen, skal lyngområdene midlertidig gjerdes med strømgjerde mot beitedyr.

Traseen over land er ca 7.2 km, og berørte arealgrupper fordeler seg med ca 23 % dyrka mark, 26 % gjødsla beite, 35 % lynghei, 7 % våtmark og myr, og 6 % skog og 3 % annet areal.

Arbeidskorridoren vil bli prøvd holdt så smal som mulig, og all anleggstrafikk og kjøring skal skje innenfor denne. I lyngheiområdene vil vegetasjon og jordmasser bare bli fjernet for utgraving av grøfta, vegetasjon og terreng utenfor denne vil bli skjermet ved utlegging av geoduk. Toppjord med vegetasjon og undergrunnsjord vil bli lagret separat på duken, og anleggsvegen vil også bli anlagt på duk. I myrområdene vil masseutskifting med stein bli foretatt, men øverste lag vil bli erstattet av original myrjord som legges tilbake. I jordbruksområdene vil toppjorda og undergrunnsjord bli fjernet, lagret og tilbakefylt separat.

De midlertidige anleggsområdene på jordbruksmark vil bli tilbakeført til tidligere stand, gjødslet og tilsådd med frøblanding for henholdsvis eng og beiteareal. Midlertidige anleggsområder i lyngheiområder vil bli skjermet med duk, tilbakeført til tidligere stand og lyngvegetasjonen skal reetableres. Midlertidige anleggsveger på Austre Bokn tilbakeføres ikke, men allmenn motorisert ferdsel hindres ved oppsetting av vegbom. Midlertidige anleggsveger ved ventilstasjon på Vestre Bokn skal fjernes. Terreng berørt av landfallgrøft vil bli terrassert og plastret med sprengstein, tuer med vegetasjon legges ut.

Permanente installasjoner omfatter ventilstasjon, veg til denne og skilt i traseen. Ventilstasjonen senkes ca. 2 meter, ytre gjerde oppføres som steinmur, og terreng og vegetasjon vil bli tilbakeført mest mulig til tidligere stand. Permanent veg vil ha grusdekke, fyllingskanter vil bli dekket med tidligere avskrellet og lagret toppjord og vegetasjon. Skilting av traseen vil bli gjennomført minst mulig skjemmende, og skilter utformes i samsvar med dette.

VÅRRYDDEAKSJON 14. - 18. APRIL

Toraneset Renovasjonsselskap vil utføra den årlege ryddeaksjonen nå i april. Som tidlegare år vil selskapet gjennomføra aksjonen i medlemskommunane som også inkluderer Bokn.

Dette vil skje i veke 16 ved at renovasjonsbilane kjem til å ha fylgje av lastebil som kan ta med slikt som elles ikkje går i renovasjonssekken eller trilledunken. Det kan vera gamle kjøleskap, komfyrar, fryseboksar, møblar, sykklar og anna som ein vil kasta etter kjellar- eller loftsrydding. Tilbodet om gratis henting gjeld vanleg grovavfall frå hushaldningane. I pressemeldinga som Toraneset har sendt ut seier dei at dei gjerne ser at velforeiningar, idrettslag etc. organiserer ryddeaksjon langs vegar og friareal eller leikeplassar. Derimot vil avfall frå industri, forretningar eller landbruk ikkje bli tatt med. Bildekk og spesialavfall blir heller ikkje tatt. Bildekk skal leverast til dei som sel dekk, og spesialavfall skal

leverast til eigen spesialavfallsbil som vil køyra rundt i ryddeaksjonsveka. Dette vil bli annonsert i dagsavisene (lokalpressa) nokre dagar før aksjonen startar.

Det som skal kastast må setjast heilt ut til vegen saman med søppelsekken eller trilledunken. Grovavfall som blir sett ut etter at ruta har køyrt forbi blir ikkje henta.


I 1996 samla selskapet inn 367 tonn skrot i våraaksjonsveka. På ei vanleg veke er mengda 100 tonn. I 1996 kom det inn 850 stk. kvitevarer.

Toraneset seier at dei som har lyst kan koma og plukka gratis delar av kvitevarene eller anna ved å koma til sorteringsanlegget på Toraneset i etterkant av innsamlinga.

Åpningstida er 08.00 - 15.00 måndag til fredag med langdag til 19.00 torsdagar. Toraneset sitt mål er ikkje berre mest muleg gjenvinning. Ombruk er like viktig.

I Bokn blir altså den store vårryddeaksjonen *torsdag den 17.april.*

"HUNDEFOLKET TAR ANSVAR - MØKKA SKAL BORT"



Dette er slagordet Norsk Kennel Klub lanserer i ein landsomfattande aksjon for å fjerna den hundemøkka som ligg rundt omkring. Også i Bokn er det folk som klagar over at det ligg

mykje hundelort omkring - særleg langs vegane. Dei ber om at hundeeigarane markerer at dei er ansvarsbevisste på dette området, og fjernar den møkka som hundane etterlet seg langs vegane. Det skal ikkje meir enn ein plastpose med på turen for å ta med seg det hunden måtte lata etter seg.

206 MEDLEMMER I SANITETSFORENINGA

Årsmeldinga til Bokn sanitetsforening viser at foreninga er ei av dei største i Bokn når det gjeld medlemstal. På årsmøtet den 26. februar var det berre Ellen Nedrebø som gjekk ut av styret. Kari Øvrebø kom inn som ny. Frå for sit Inger Sønnøve Bokneberg, formann, Reidun Grønnestad, nestformann, Elly Borgenvik, kasserar. Styremedlem elles: Astrid Jøsang, Ingrid Ovidth, Eli Kro. Revisor: Bertha Våge.

I 1996 har sanitetsforeninga gitt pengegåver med til saman kr. 15.000,- til ulike føremål. Gåvene har m. a. gått til kreftsa, revmatismesaka, arbeidet med psykiske lidingar, tiltak mot narkotika m. v. Foreninga har også

hatt aksjon for å støtta forskning vedr. krybbedød. Lokalt har foreninga kjøpt spebarnsvekt til helsestasjonen og har gått inn med støtte til fotpleie for pensjonistar. Vidare gir sanitetsforeninga gratis sykkelhjelm til alle elevane i 4. klasse. Nyfødde får ein bleicpakke med 3 tøybleier.

Sanitetsforeninga driv også det såkalla "torsdagstreffet" på Allrommet. Her har dei også fått besøk av Stenvåg-Jensen som gjer det enkelt for mange å kjøpa klær. Den såkalla eldreturen gjekk i 1996 til Bømlø, og adventsfesten for eldre hadde dei den 13. desember. Målfrid Kro Trosnavåg har fått utdelt diplom som æresmedlem.

MINNEORD


Torger Grønnestad er død, 87 år gamal. Foreldre var Maria og Andreas Grønnestad, og dei budde i Ådnaneset. Torger vaks opp i ein søskenflokk på 4, og han var den siste attlevande av desse. I ungdomen begynte Torger å fiska, og dette har seinare vore yrket hans. M. a. var han i rundt 15 år til saman med på det såkalla Islandsfisket. Elles var det vintersildfiske, brislingfiske, seiafiske, makrellfiske og størjefiske. Han var både med som mannskap på andre bruk, og fiska frå eigen båt. Torger hadde også andre arbeidsoppgåver. Torger vart gift med Selma, f. Thorsen i 1935. Ho kom frå Lervik ved Susort. Dei fekk 4 barn. Etter krigen bygde dei seg eigen heim i Loten. Her fekk dei etter

kvart ein fin plass kor Torger fekk utfolda dei interessene han hadde i hagearbeid. Frå august 1995 har ekteparet budd i trygde bustad i Føresvik.

Torger var ein framifrå forteljar, og både bygdaboknemnda og andre har fått overlevert historier om folkeliv og hendingar frå tidlegare tider. Han var etter måten ein stille mann, men lika godt å snakka med folk. Han hadde god kontakt med barn, barnebarn og oldebarn.

Sjølv om Torger nådde ein høg alder, var han klår i tanken heilt til det siste, og hadde stor interesse for mykje av det som rørde seg i tida.

Ektefelle, 2 barn, 11 barnebarn og 13 oldebarn lever etter Torger Grønnestad.



K. Fyhrstrand

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30

ONSDAG: 16 - 19.00

TORSDAG: 10 - 13.30



NÅ ER DET SNART TID FOR HAGE -
HER ER EIT UTVAL AV BØKER DU KAN LÅNA
PÅ BIBLIOTEKET:

Green, Sven:
Klatre og
slyngplanter

Hansen, Egil:
Prydbusker og trær for norske hager

Høger-Orthner, Ilse:
Gammeldags roser

Langeland, Knut:
Blomstrende balkonger


Leth, Magna:
Hagens kryddervekster for
mat og drikke

Markmann, Erika
Balkongboka

Petersen, Helge:
Drivhuset

Spoczynska, Joy:
Kjøkkenhaven i
kjøkkenet eller i
utestuen

Staubeboka med
plantebeskrivelse



BARNETIME

BIBLIOTEKET INVITERER
3 - 6 ÅRINGAR TIL BARNETIME
ONSDAG 02.04.97 KL.17.00



KULTURMIDLAR 1997

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå driftsstyret. Dei som søkte i fjor får automatisk tilsendt søknadsskjema i posten i veke 14. Ev. andre søkjarar vil få søknadsskjema ved å kontakta Jarard på kulturkontoret.

- Dei som søker for første gong kan få oppstartingsstønad. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 1.500,-
- Søkjarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 1996 og budsjett for 1997 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.

- Kulturmidlane det blir søkt om skal bakast/bør vera bakt inn i budsjettet for 1997, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.

Dette er krav som driftsstyret stiller, og som må oppfyllest for å få stønad. I fjor var det fire lag som ikkje fekk stønad p.g.a. manglande budsjett og andre opplysningar i søknadene.

Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.

Kulturmidlane for 1997 blir fordelte i driftsstyremøte 29. mai.

SØKNADSRIST: 2. mai

STØNAD TIL DELTAKING PÅ KURS

Kulturkontoret vil minna om denne form for kulturstønad. Kommunen kan yta slik stønad til deltaking på kurs/konferansar som tar sikte på skoloring av laget sine medlemmer, samt utdanning av leiarar og tillitsmenn. Søknad kan sendast før påmelding til kurs/konferanse, og svar om kommunal støtte blir gitt innan to veker etter mottatt søknad. Reglane om at slik støtte berre gjeld to personar frå same lag til same kurs er borte. Tilskott kan ytast med inntil 50% av samla utgift til reise, opphalds- og kursutgifter.

Søknaden skal innehalda fylgjande opplysningar:

- Kurslengde
- Arrangør

- Program
- Opphalds- og kursavgift
- Utgifter til materiell og reise
- Namn på kursdeltakarane frå laget

Vennligst bruk denne rekkefølga i søknaden samt at det blir lagt ved dokumentasjon av det som blir søkt støtte til.

Det er viktig med kursverksemd, ikkje minst med tanke på inspirasjon og utvikling i laget. Med dette vil kommunen oppfordra dei laga som ikkje nyttar seg av dette tilbodet om å gjera det!



BOKN KOMMUNE

MUSIKKSKULEN

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

PÅMELDING TIL SKULEÅRET 97/98

Som i fjor på denne tid går det ikkje an å garantera at dei forskjellige aktivitetane som blir lista opp kan setjast i gong. Dette har å gjera med ev. auka statleg rammetilskott til lønsbudsjettet i musikkskulen samt lærarkrefter til hausten.

Politiske signal går ut på at Bokn musikkorps skal prioriterast i musikkskulen. Etter at dette blir gjort har musikkskulen, med eit lite lønsbudsjett, eit svært begrensa tilbod til andre elevar. I dag går nesten halvparten av undervisningsressursane til Bokn musikkorps. Etter forrige opptak måtte det trekkast lodd om dei få elevplassane som blei igjen, og mange elevar fekk ikkje tilbod om plass.

Som vanleg vil eg lista opp aktuelle aktivitetar som kan bli sette i gong:

- *ASPIRANT TIL MUSIKKORPSET*
- *GITAR*
- *KEYBOARD*
- *KOR*
- *PIANO*
- *POP-GRUPPE*
- *SOLOSONG*
- *TVERRFLØYTE*

ASPIRANT TIL MUSIKKORPSET

Ein aspirant til korpset kan vera barn eller vaksen. Sjølv om vedkommande kan byrja kva tid som helst gjennom eit år, er det ein fordel å byrja når eit skuleår byrjar. For eit barn er f.o.m. 3. klasse den vanlegaste alderen for oppstart.

Aspirantpåmeldinga gjeld berre messingaspirantar. Aspiranttida varierer i takt med utviklinga til aspiranten, men det vanlege er to år. Undervisninga er enten i grupper eller enkeltvis, og undervisninga blir som vanleg betalt av korpsskassa.

GITAR

Eit populært instrument som er lett å ta med seg overalt. Undervisninga dreier seg stort sett om å spela etter **besifring/akkordspeling**. Ved hjelp av talsymbol kan du akkompagnera deg sjølv og andre.

KEYBOARD

Eit keyboard i musikkverda er ein synthesizer med både innebygde rytmar og høgtalarar. Viss du har, og ynskjer det, får du undervisning på ditt eige instrument. Musikkskulen har også eit av dei beste keyboarda på markedet i dag som sjølv sagt blir brukt i undervisninga, og som du av og til kan låna med deg heim.

Du lærer å akkompagnera deg sjølv og andre ved hjelp av akkordspeling. Med bruk av rytmor og forskjellige lydar får du, også som nybegynnar, kjensla av å styra eit heilt orkester. Eit keyboard med innebygd opptakar er også eit godt hjelpemiddel til å komponera, og for **interesserte elevar står både komponering, improvisasjon og musikk & data på timeplanen.**

KOR

Me hadde frå 1986 til 1994 både barnekor, ungdomskor, damekor og blandakor i kommunen. Bogn barnekor var det største, og spreidde glede i bygda i fire år. Å syngja i kor gir ei spesiell felleskjensle, og det gjer som regel eit sterkt inntrykk å sjå ein flokk som står og syng det same musikkstykket.

På påmeldingsskjemaet står ikkje type kor spesifisert, men interesserte kryssar av i ruta for kor. **Påmeldinga avgjer kortype.**

PIANO

Det klassiske pianoet døyr aldri ut sjølv om me har fått aldri så mykje synthesizerar, keyboards med datatilkoplingar til den digitale verda. Undervisninga kan både gå på klassisk pianospeling etter noter og meir akkompagnering/akkordspeling, såkalla brukspiano.

POP-GRUPPE

Her er målet å gi elevane undervisning til dei kan starta opp eit band på eiga hand. Dei vanlegaste instrumenta her er **gitar, bass, keyboard, trommer og song.**

SOLOSONG

Dette er for songfuglar som vil utvikla stemma si. Det ligg i namnet at du får undervisning i å syngja åleine. i

undervisningssituasjonen blir piano eller keyboard brukt, men i konsertsamanheng kan det bli aktuelt å syngja saman med større grupper, som t.d. korps.

TVERRFLØYTE

Eit tradisjonsrikt instrument i musikkskulen. Kommunen har ikkje janitsjarkorps, og tverrfløyteelevar får dessverre ikkje tilbod om å spela saman med andre i korps, men tverrfløyte blir mykje brukt i andre samanhenger, som t.d. musikkskulegrupper.

Påmeldingane blir nummererte etterkvart som dei kjem inn. Dette blir gjort i tilfelle ventelister. Det lønner seg å vera tidleg ute viss du vil sikra deg plass på noko (dersom tilbod blir realisert).

Det er inga aldersgrense i musikkskulen. Ungar før skulealder kan om ynskjeleg byrja. Dersom du lurer på om tida er moden for aktivitetsstart for ditt barn, skal me sjølv sagt prøva å hjelpa deg med dette - ta i tilfelle kontakt.

HALVÅRSSATSAR:

Einetime (30 min./veke)	kr. 800,-
Einetime (22,5 min./veke)	kr. 600,-
Instrumentalgr. (90 m./veke)	kr. 620,-
Kor, leik, drama (90 m./v.)	kr. 465,-
Aspirantopplæring	kr. 465,-
Instrumentleige	kr. 215,-

30% syskenmoderasjon på den rimelegaste aktiviteten.

(Ei gruppe vil seia to eller fleire.)

Har du spørsmål om musikkskulepåmeldinga tar du kontakt med Jardar på kulturkontoret.

For påmelding, bruk skjemaet på neste side.



BOKN KOMMUNE

MUSIKKSKULEN

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

KLIPP UT


PÅMELDING TIL SKULEÅRET 97/98

Viss fleire i fam.
ynskjer plass, set
kryss i den
aktuelle ruta bak
aktiviteten.

NAMN: 1. _____
2. _____
3. _____

AKTIVITET	1.	2.	3.
ASPIRANT TIL MUSIKKORPSET			
GITAR			
KEYBOARD			
KOR			
PIANO			
POP-GRUPPE			
SOLOSONG			
TVERRFLØYTE			

SØKNADSFRIST: 2. MAI



VELLUKKA KOMMUNEKONFERANSE

Konferansen som vart gjennomført den 15. mars hadde samla over 50 deltakarar, og det vart sett opp ein del målsetjingar for kva som er nødvendig å satsa på for at Bokn kommune skal kunna ha ei positiv framtid for m.a. busetnad, arbeidsplassar og service til befolkninga. Bygdabladet vil koma tilbake med inntrykk frå møtet.

ENDRINGAR I BYGDABLADET

Som omtala i februarnummeret av bygdabladet har kommunen vedtatt ei omorganisering som medfører at bygdabladet igjen får kulturseksjonen som utgjevar. Vedtaket om omorganiseringa som vart gjort i januar, sa at det kunne ta litt tid før alt i praksis vart gjennomført.

Når det gjeld bygdabladet er me nå komne så langt at me reknar med at kulturseksjonen vil overta utgjeving av bladet frå mai-utgåva, det vil seia neste utgåve.

Bladet vil då bli trykt i eit trykkeri, og det medfører at frist for innlevering av stoff må skje noko tidlegare enn før. I første omgang set me den 15. i kvar mnd. Lesarbreve, annonser m.v. skal innleverast til kulturkontoret v/ Jardar Havikbotn.

AMPUTERT BISPEVISITAS

Biskop Bjørn Bue vart ramma av eit alvorleg hjarteinfarkt før han skulle ha skulegudsteneste i Bokn den 21. mars. Visitasen i Bokn vart difor ikkje gjennomført slik det var tenkt, men dei fleste møta og arrangementa vart halde utan biskopen til stades. På førehand vart det gjennomført ei spørjeundersøking frå bispekontoret om det kyrkjelege arbeidet i Bokn. Bispekontoret vil koma med inntrykk frå spørjeundersøkinga seinare.

HAVNAVEGEN VEL

Den første velforeninga i Bokn blei stifta 27. februar. Då møttest ein gjeng frå byggjefeltet ved Hålands sjøen etter at eit interimsstyre hadde kalla inn møte. Det blei orientert litt om kva ein velforening er og kan gjera, med utgangspunkt i ein aktiv velforening i Haugesund. Eit styre på seks personar blei valgt.

Dugnadsarbeid og andre sosiale aktivitetar er kanskje det dei fleste tenkjer på når det gjeld ein velforening. Andre stikkord kan t.d. vera leikeplass, beplantning, opprydding og trafikksikkerhet. *Havnavegen Vel* har også avvikla nok eit fellesmøte, slik at fleire husstandar i byggjefeltet fekk høyra om planane framover.

FISKEOPPDRETT VIKTIG NÆRING I BOKN

I samband med ny kommuneplan for Bokn har kommunen fått utarbeidd ein statistisk oversikt over befolkning, arbeidsmarknad m.v. i kommunen. Denne viser at etter folketalet er Bokn den største oppdrettskommunen i Rogaland. Næringa har lokalt 14 tilsette, og selde fisk for 34 millionar kroner i 1995.



BOKN KOMMUNE

4290 BOKN

STØTTEKONTAKT / AVLASTAR

Bokn kommune har bruk for personar som kan vera støttekontakt for barn og vaksne. Det er også behov for avlastarar for funksjonshemma.

Ein støttekontakt skal prøva å dekkja behov for samvær og aktivitet for den funksjonshemma ved å hjelpa til med å leggja til rette for fritid, livsutfolding og meistring av ulike oppgåver.

Som avlastar tar du på deg å avlasta ein familie med funksjonshemma barn nokre døgn kvar månad i eigen heim.

Løn etter tariff.

Dersom du kan tenkja deg slikt arbeid - ta kontakt med Bokn sosialkontor for nærare informasjon.

tlf. 52 74 85 00



BOKN KOMMUNE

4290 BOKN

BUSTADTILSKOTT TIL ETABLERING I BUSTAD

Tilskotet skal hjelpa vanskelegstilte grupper med svak økonomi til å få ein nøktern og funksjonell bustad med overkomelege kostnader.

Fylgjande grupper kan søkja:

- Fysisk og psykisk funksjonshemma med svak økonomi
- Særleg vanskelegstilte husstandar
- Unge i etableringsfasen

Øvre inntektsgrense for ein einsleg person er ca. kr. 140.000,-.

Inntektsgrensa blir sett opp med ca kr. 20.000,- for kvar husstandsmedlem.

Med inntekt meiner ein løn, pensjonar, bidrag og barnetrygd.

BUSTADTILSKOTT TIL TILPASSING AV BUSTAD

Tilskotet skal hjelpa vanskelegstilte grupper med svak økonomi, t.d. eldre og funksjonshemma, kan få ein bustad som over tid fungerer godt i forhold til bevegelsesvanskar eller annan funksjonshemming.

Tilskot kan gis til husstandar der minst eitt medlem er :

a) funksjonshemma b) eller over 60 år

Tilskotet kan gis til oppføring av ny bustad - utbetring av bustad eller til kjøp av bustad.

Tilskotet er behovsprøvd. det vert gjort ei vurdering av søkjaren sitt spesielle behov for tilpassing av bustad, og av familien sin samla økonomi.

Søknadsskjema for ordningane kan ein få ved Bokn sosialkontor, tlf. 52 74 85 00.

Søknadsfrist: 15.05.97

SPAR STRØM OG FÅ ET BEDRE INNEMILJØ !

*Varmepumper, ventilasjon med varmegjenvinning,
sentralstøvsuger m.m. Fagmessig og rimelig.*



ENERGI & KOMFORT



4290 BOKN

Tlf 52 74 82 75. Mob.tlf 90 69 43 50.

Våren er her og med den våronna.
Gjer arbeidet lettare med gode
reiskapar. Bokn Hagelag kan låna
deg:

Pris medl. Pris ikkje medl.

Jordfres. kr.100,- pr. døgn kr.200,- pr.døgn

Plenløft. " 75,- " " " 150,- " "

Tilhengar " 75,- " " " 150,- " "

Trommel " 75,- " " " 150,- " "

Materialforvaltar er Otto Fostenes.

Han er å treffa på tlf. **52 74 86 53**

Hjertelig takk for all medfølelse og
blomsterhilsener ved Torger
Grønnestads bortgang.

Selma m/ familie.

Takk for oppmerksomheten i
anledning av våre fødselsdager.
Spesiell takk til barna for fine
tegninger.

Else og Helge Nilssen

"HAGENS APOTEK"

Torsdag den 17.april får me igjen
besøk av ekteparet Skarstein. Rudolf
Skarstein skal fortelja oss om
plantene sine medisinske verknader.
Urtegruppa blir med, og du får
smaka urtete.

Kaffi og himabakst - utlodning.

Alle er hjarteleg velkomne.

Arrangør: **Bokn Hagelag**

*PS! Det blir ikkje sendt lappar i
posten.*

Har du lyst på ein jaktkamerat
og/eller selskapshund? Me har for
salg 3 nydelige langhåra Dachs-
valper - født 30.12.96 av høgt
premierte foreldre.

Tysvær Kennel, Yrkje

tlf. 52 77 01 85 eller 94 67 99 63

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune,

4290 Bokn, tlf.52 74 85 00

fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01

Bankgirokonto3373 07 00305

BYGDABLADNEMND:

Arvid K. Jøsang, Eli Kro

Reidun Grønnestad

REDAKTØR: Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn

Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300,-

Halv side: kr. 150,-

¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-

Små privatannonsar: kr. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 15. kvar mnd. 10 nr. årleg

ARRANGEMENT:

- 06.04: Santalmisj. har møte kl. 19.30
på Bokn bedehus
- 10.04: *BINGO!* Arr: Bokn
Musikkorps
- 11./ *Overnatt.tur* til Sandbekken
- 12.04: for ulvungar og meisar.
- 12./ *Møte*, Blå Kors, Bokn
- 13.04: bedehus kl. 19.30.
- 13.04: *Sundagsskule* kl.14 (Kyrkjeb.
skule)
- 17.04: *Urter v/ Bjørg Skarstein*,
Allrommet kl. 19.00.
Arr: Bokn hageleg.
- 18./ Speidartroppen si natt
- 19.04: patruljering *Kampen om
Vikingskipet*.
- 20.94: *Sundagsskule* kl.14 (Kyrkjeb.
skule)
- 22.04: *Basar*, Bokn skule.
Arr: Sjømannsmisjonen.
- 23.04: *Kontaktmøte*, Bokn b.hus
kl. 19.30
- 26.04: *Elevkonsert*, kl. 14.00, Bokn
skule. Arr: Bokn musikkskule
- 27.04: *Vårsleppet*. Arr: Bokn
idrettslag.
- * *Prosjektveka* - Bokn skule
veke 18.

LANDBRUKSKONTORET
Kvar fredag kontordag i Boknaton

Ordføraren er å treffa på Boknaton
torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00



- 06.04. kl.11: Gudsteneste. Roar
Flacke. Offer til
Santalmisjonen
- 27.04. kl.11: Gudsteneste. Arne
Aurdal. Speidarane deltek.
Offer til Haugaland krets av
KFUK/KFUM.

FOTTERAPI

Kvar onsdag. Påmelding i
tlf. 52 74 84 79 - Rita Jensen

LEGEKONTORET

har ope for konsultasjonar
måndagar og torsdagar

HELSESTASJONSDAG

Måndagar 9-11.30. Elles etter avtale.
Marie Løvoll Faye
helsesøster

BOKN FYSIOTERAPI

Geir Austvik - tlf. 52 74 85 00

Opningstider:

onsdag og annankvar laurdag

- Lær avspenning
- Lær gode arbeidsstillingar
- Reduser muskelspenningar
- Få mindre smerter

Ta gjerne direkte kontakt